

**BODØ KOMMUNE****Melding om privat
opplæring i heimen***Leveres skolen, som påtegner og videresender til grunnskolekontoret.*

Elevenes navn:		Fødselsnr. 11 sifre:
Skole:		
Årstrinn:		
Foresatte:		Tlf:
Adresse:		
Begrunnelse:		
Planer for opplæringa:		
Kontakt med skolen:		
Prøver:		

Jeg/Vi har gjort oss kjent med opplæringslovens bestemmelser, og melder med dette fra om privat opplæring i heimen fra den ___/___ 200__ til den ___/___ 200__.

Sted/ dato:		
Foresattes underskrift:		

Skolens påtegning, og Underskrift	

Grunnskolekontorets påtegning: Ved utenlandsopphold ut over 4 uker, sendes kopi av meldingen til NAV lokal trygd.	
Om tilsyn med undervisningen:	
Underskrift:	

Fra Opplæringslova: Aktuelle lovbestemmelser angående privat heimeopplæring

§ 1-1. Verkeområdet for lova, (2. ledd):

Lova gjeld private grunnskolar som ikkje mottek statstilskott etter friskolelova og privat heimeopplæring i grunnskolen.

§ 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring

Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretaast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.

§ 2-13. Bruk av lova for privat opplæring i heimen

§§ 1-2, 1-3, 2-3 og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet i privat grunnskoleopplæring i heimen så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

§1-2: Formålet med opplæringa (utdrag)

Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Opplæringa i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Opplæringa skal leggje eit grunnlag for vidare utdanning og for livslang læring og støtte opp under eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag og eit høgt kompetansenivå i folket.

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

§ 1-3. Forskrifter

Kongen i statsråd kan gi forskrifter for å fylle ut dei overordna måla og prinsippa for opplæringa.

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa (utdrag)

Grunnskoleopplæringa skal omfatte kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen.

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her.

§ 2-4. Undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv
- gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunngi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyngi kjennskap til etiske og filosofiske emnefremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

§ 14-2. Kommunalt tilsyn med heimeopplæring

Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole, og kan òg kalle dei inn til særskilde prøver. Kommunen skal krevje at barnet eller den unge skal gå i skole dersom dei krava lova her med forskrifter stiller til heimeopplæringa ikkje er oppfylte.